

Rett til heildøgns helse- og omsorgstenester

Høyringssvar frå Stord kommune på HOD sitt høyringsnotat av september 2015.

1. Rett til sjukeheimslass eller tilsvarende bustad

Rett til sjukeheimslass er allereie forankra i gjeldande lovverk. Slik sett blir det liten endring i praksis for kommunane. Stord kommune ser likevel det positive i at innbyggjarane ved den føreslegne presiseringa vil få forsvarleg helsehjelp heima og vite at han/ho har rett på sjukeheimslass dersom det vert uforsvarleg å bu heima.

Ved ledig sjukeheimslass vil kommunen i praksis framleis vurdera alle aktuelle brukarar sin noverande situasjon og prioritera den til ei kvar tid mest sjukeheimstrengande.

Det vert presisert at behandlande lege si vurdering skal vektleggjast når kommunen vurderer omsorgsnivået. Dette er eit viktig grunnlag, saman med den omsorgsfaglege vurderinga. Likevel må det peikast på at til dømes sjukehuslege ikkje alltid har oversikt over den totale situasjonen, til dømes nettverket og butilhøva til pasienten/ brukaren. Det er såleis viktig å presisera at kommunen må ta den endelege avgjerda om omsorgsnivå.

2. Kriterier for å få tildelt langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad

Nye kriterier for å få langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad kan vera med på å ivareta brukaren/ pasienten sine rettar. Kriterier som og tek i vare brukar-/pårørrandemedverknad er viktig. Kommunen kan laga kriterier som er tilpassa lokale tilhøve og rammer. Eventuelle framtidige nasjonale kriterier må ikkje stenga for lokale omsynstakande.

3. Føring av venteliste over personar som ventar på langtidslass

Kommunal venteliste kan gi den einskilde brukar/ pasient tryggleik, der behovet vert stadfesta. Brukar/ pasient er inni «systemet» og slepp å søkja fleire gonger.

Med ei venteliste vil kommunen ha betre oversikt over dei som til ei kvar tid har behov for institusjonslass.

Det synest vanskeleg å setja tidspunkt for kva tid ein som er på venteliste kan få plass. Erfaringstal kan vera usikre, sidan det stadig kjem nye brukarar/pasientar til.

4.

Brukarrett og rettstryggleik for pasient og brukarar kjem klart fram i høyringsnotatet, noko Stord kommune meiner er positivt. Me registererer at pårørande er lite nemnt i høyringsnotatet, sjølv om desse ofte kan vera pådrivarar når det gjeld å få brukar/pasient inn på ein institusjonsplass. Me ber om at deira rolle kjem klarare fram.